
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 28. juni 2016 08:51
Til: postmottak SD
Emne: Nytt høringssvar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 28.06.2016 08:51
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Sande kommune MR
Kontaktperson: Oddbjørn Indregård
Kontakt-e-post: oi@sande-mr.kommune.no
Tittel: Sande kommune - Høyringsuttale til Nasjonal transportplan 2018 - 2029

Uttalelse:

Sande Kommunestyre viser til saksframlegget og kjem med dette med følgjande innspel til arbeidet med NTP:

1. Ambisjonen om ein ferjefri E39 må oppretthaldast i ny revidert NTP. Møreaksen bør realiserast i første del av planperioden.
2. Fast vegsamband mellom søre sunnmøre og nordre sunnmøre – HAFast – er ein del av Ferjefri E39, og er det viktigaste samferdselsprosjektet i vår AB-region.
3. Fylkesveg 61 går gjennom eit område som har status som nasjonalt klynge for maritim verksemd/industri, og bør med det overførast til statleg mynde, og i sin heilskap forvaltast og driftast som nasjonal riksveg.
4. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer må snarast takast i bruk for å realisere vegsamband med høg finansieringsgrad gjennom slik ordning.
5. Dei økonomiske rammene til vedlikehald av fylkesvegane må aukast betydelig for å oppretthalde trafikksikkerheitsnivået og stoppe forfallet av fylkesvegane.
6. Det må i anbudsdokument stillast krav om at ferjematerielle må tilfredstille dagens krav til universell utforming og miljø.
7. Buss- og drosjenæringa må sjåast i samanheng – og der bestillingsdrosje vert eit element i å gi eit reelt kollektivtilbod ute i distrikta.
8. Gang- og sykkelvegane må prioriterast – også som folkehelsetiltak og som trafikksikkerheitstiltak. Sande kommunestyre vil her særleg peike på dei trafikkale utfordringar knytt til Dragsundbrua på Fv61.
9. Ambisjonen om å føre gods frå veg til sjø må vidareførast.

Vedlegg: -